



Arbeidsledige i Nordhordland i 31.12.2018 – kjelde NAV




Arbeidsledigheten har i 2018 gått ned, og er på eit lågt nivå.

I Nordhordland er den no på 2,1 %, litt lågare enn for landet.

Nordhordland har også lågare arbeidsledighet enn gjennomsnittet for Hordaland, der ledigheten er på 2,6 %.




Heilt ledige i Nordhordland er 492 stk ved utgangen av året 2018. Det er ein reduksjon dette året med 64 stk, ned 12 %. I landet totalt er reduksjon på 3 % og for Hordaland 6 %.



Gulen og Masfjorden har svært låg arbeidsledighet.

Austrheim har redusert arbeidsledigheten i 2018.

Arbeidsstyrke og sysselsatte




For å kunne få eit betre innsyn i kva som ligg bak desse tala har vi tatt med utviklinga av arbeidsstyrken og sysselsatte.

I Nordhordland er arbeidsstyrken redusert i 2018 med om lag 400 stk.

Det er grunn til å rekne med at der er noko skjult arbeidsledighet. Det

kan vere personar som studerer lenger enn det dei hadde tenkt i utgangspunktet eller at dei ikkje har meldt seg som arbeidsledige. Slik at den reelle arbeidsstyrken er noko høgare.



I landet total så aukar sysselsetting og arbeidsstyrken, men i Hordaland og Nordhordland er sysselsettinga og arbeidsstyrken redusert i 2018.

I året 2018 er arbeidsledigheten redusert i Nordhordland, men tal som er i arbeid har også gått ned – det er eit lite paradoks!